



## Møtereferat

### Samarbeidsutval Halbrend barnehage

<b>Møtedato:</b>	<b>05.10.2021</b>	<b>Møtestad:</b>	Halbrend barnehage
------------------	-------------------	------------------	--------------------

<b>Møtt</b>	<b>Ikkje møtt</b>
Morten Bruland: Himmelblå Eli Tjørhom: Solstråle Line Sunde Farsund- tilsette Asiya Leonhardsen- tilsette Eva Omdal Følling- ass.einingsleiar Kari Naustdal- einingsleiar	Beate Øvrebø- Sunnfjord kommune

<b>Møteleiar:</b>	<b>Kari Naustdal</b>	<b>Møtereferent:</b>	<b>Eva O. Følling</b>
-------------------	----------------------	----------------------	-----------------------

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel, omtale og konklusjon</b>
22/01	<p><b>Velkomen – presentasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av saklista</li> <li>- ingen saker til eventuelt</li> </ul>
	<p><b>Informasjonssaker:</b></p> <p><b>Foreldreundersøkinga november 2021</b></p> <p>Barnehagen er nøgd med tilbakemeldinga undersøkinga gir og det er no opp til avdelingane å bestemme om det er noko dei vil ta fatt i for si avdeling. Vi har høg deltaking og jamt over betre resultat enn i 2019.</p> <p><b>Matsservering og matpenger</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei nye frukostrutinane fungerer</li> <li>- sjølv om kostnadane har auka mykje siste året, har vi rom til litt ekstra.</li> <li>- det var rett å auke til kr. 350 pr mnd slik Sunnfjord kommune hadde lagt opp til.</li> </ul> <p><b>17. mai</b></p> <p>Reknar med vanleg 17. maifeiring i Førde. Tradisjonen her er at klubbforeldre tar ansvar for barnehagen si fana. Eli Tjørhom, mor til Aksel, tar ansvar for at fana blir henta i barnehagen og at foreldre til klubbungane deler på å bære den i toget.</p> <p>I barnehagen øver vi på 17.mai-ropa våre og går i tog i nærmiljøet 16. mai.</p> <p><b>Status einingsleiar stillinga</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Søknadsfristen gjekk ut laurdag 23.04.22. Det var 7 søkarar, tilsettingsprosessen starter og intervju vil bli gjennomført i veke 18.</li> </ul> <p><b>Tilsyn etter foreskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 19 april vart det gjennomført tilsyn. Tilsynsførar var folkehelseavdelinga i Kinn kommune. Tema tilsynet spør etter: Plassering, utforming/innreiing, mogelegheit for aktivitet og kvile, måltid, psykososiale forhold, reigjering og vedlikehald, sikkerheit og helsemessig beredskap, førstehjelp, smittevern, inneklima/luftkvalitet, belysning, lydforhold, drikkevatt, sanitære forhold og avfallshandtering</li> <li>- Rapporten er ikkje klar, men vi veit at barnehagen blir godkjend utan avvik. Vi fekk fleire gode råd på vegen vidare. M.a. det å halde på rutine for handvask for foreldre og barn når ein kjem til barnehagen og når ein går heim. Dette vil vere med på å redusere smitte mellom barnehage og heim. Vi i barnehagen ønskjer og å fortsetje med denne ordninga.</li> </ul> <p><b>Besøk av utvalet for oppvekst i Sunnfjord kommune, onsdag 27.04.22</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvalet skal besøke alle Sunnfjord kommune sine barnehagar.</li> <li>- Barnehagen sto fritt til sjølv å velje kva ein ville setje fokus på, med ei tidsramma på 30 min.</li> <li>- Vi la vekt på behov for m.a. å betre bemannings situasjonen i barnehagane og ressursane til vedlikehald og oppgradering av uteområdet vårt.</li> </ul>
22/02	<p><b>Pedagognorma – status og ev. søknad om dispensasjon for 2022/23</b></p> <p>Pedagognorma frå 2018, seier at Halbrend barnehage skal ha 200 % fleire pedagogstillingar enn det som var kravet tidlegare. Fordi det ikkje er høve til å seie opp tilsette for å oppfylle kravet, har vi søkt og fått innvilga dispesasjon kvart år. Vi har tilsett pedagogar i ledige vikariat og i år manglar vi 50 %. Akkurat no har vi ikkje oversikt, vi har m.a. ikkje fått svar på om vi får midlar til styrking eller spesialpedagogisk tiltak. Orienterte difor SU om at vi truleg må søke dispensasjon for deler av kravet også for barnehageåret 2022/23.</p>
22/03	<p><b>Godkjenning av årsplan 2022</b></p> <p>Informasjon: Sunnfjord kommune jobbar no for å lage ein felles mal/layout for årsplanane til dei kommunale barnehagane. Dette gjer dei for å sikre at årsplanane inneheld det som lova krev og fordi dei ønskjer at ein felles layout skal vise at årsplanen kjem frå ein kommunal barnehage i Sunnfjord. Det blir og lettare å samanlikne kva barnehagane legg vekt på. Innspelet kom etter at barnehagane var ferdig med planane for 2022.</p> <p>Det vart orientert om korleis vi Halbrend barnehage arbeider med årsplanen og kva som var dei viktigaste endringane i planen for 2022.</p> <p>Halbrend barnehage sin årsplan for 20200 vart einstemming godkjend.</p>

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.